



Åreblad



NR 1 2013 – INFORMASJON FRA HORDALAND FYLKESKYSTLAG – 20. ÅRGANG



Foto: Ingunn Vardøy

Mykje flott treverk vert festa til film på Trebåtfestivalen!

Les meir om Hordakyststemne og Hardanger trebåtfestival på side 18 og 19

Leder	2	Utviklingsmuligheter for robåter	12
Logoen til Bømlo Kystlag	3	Nordisk Kystkulturfestival	14
Møteplassar	4	Vestlandsbåter på Agder	15
Sildeeventyr i Sveio	7	Enigheden til Lærdal 2014	17
Kven kan ro utan årar	8	Hordakyststemne 2013	18
Midtsidebåten, Fjordmann	10	Kystkalender 2013	19

Inntrykk frå kystlaga i Hordaland – og nokre inntrykk til...

Først, - takk for tilliten frå kystlaga i Hordaland ! Eg set stor pris på denne tilliten og for å få ha kontakt med kystlaga rundt om både i og utenom fylket. Eg har allerede fått være med på fleire møter med kystlag i Hordaland. Først på årsmøtet på Sunde – der møte ei rekke lag med sine representantar: To kystlag frå Kvinnherad med Kvinnherad Kystlag som vert for årsmøtet. Et flott opplegg hadde dei fått til - og mange andre lag møtte også, - Sveio kystlag, Bømlo kystlag, Sagvågen kystlag, Tysnes kystlag Hope Trebåtlag og Bergen kystlag. Og sjøl kjem eg frå Fjell kystlag, så vi var totalt åtte kystlag representerte på årsmøtet i fylkeskystlaget. Og det er vel bra. Og det var fint og nyttig for meg å få møte fleire representantar for alle disse laga. Og vi hadde med oss Tore Friis-Olsen frå Forbundet kysten på arrangementet på Sunde - det var ekstra hyggelig.

Etter årsmøtet på Sunde har vi konstituert det nye styret i HFKL. Det skjedde på eit møte på Oselvar-verkstaden på Os - ein perfekt stad for dette. Vi fekk også orientering om bygging av Oselvaren og fekk sjå på tre båtar under bygging - ei fin og lærerik

oppleving. Eg har også fått være med på eit møte i Askøy kystlag nylig – dei planlegg å ha eit arrangement på Strusshavn på laurdagskvelden etter Torgdagen.

Og så fekk jeg anledning til å være med på Forbundet kysten sitt landsmøte i Bodø frå 12. - 14. mars. Her møtte mange kystlag frå heile landet - og tre lag frå Hordaland: Bergen kystlag, Bømlo kystlag og Fjell kystlag og to lag frå Sogn og Fjordane: Indre Sogn kystlag og Kystlaget Hornelen. Dette var eit fint og vel planlagt arrangement som det var vel verdt å være med på. All ære til Salta kystlag i Bodø som stod for dette arrangementet. Og på laurdag 20. april feira Fjell kystlag 30 - års jubileum. Dette var eit flott arrangement med prolog, sang og dans på Landro samfunnshus.

Hordakyststemne i Norheimsund

Dette blir eit fellesarrangement med Hardanger trebåtfestival og Hardangerfjorden kystlag. Dette blir eit flott arrangement. Og vi har fått høyre at kystlaga skal bli godt tatt vare på. Dette gjeld både plassering av kystlaga sine båtar ved kaiene, seglas og defilering med båtar, ro-konkurranse på fjorden, kyrkjebåtferd til Vikøy

på søndagen og med flotte arrangement på land. Og det er sjølsagt naturleg for oss i kystlaga å besøke Hardanger Fartøyvern-senter på dette arrangementet.

Vi må også sjå på dei store linjene i kystlaga i Hordaland og Sogn og Fjordane sitt arbeid. Så langt eg kjenner laga - og eg meiner er kjenner litt til dei fleste - er kystlaga i vårt distrikt svært ulike. Og vi har svært ulikt ressursgrunnlag. Men vi er alle med på og verner vår kystkultur. Nokre lag prioriter å ta vare på båtar, naust og bygningsmiljø langs sjøen. Nokre lag prioriter bruk av båtar og opplæring av barn og unge i sjøvett og sikkerhet på sjøen. Nokre lag tar vare på andre sider av kystkulturen så som matlaging, baking, fiskeri og tilbereding av fisk. Nokre lag står for arrangement som marknadsdager, arrangement på verft og handelshus langs leia. Men alle lag står for vern og bruk kystmiljø i ei eller anna form.

I dette bladet er vist midtside-båten «Fjordmann» som er eigd av Kvinnherad kystlag. Dette er ein fin båt, - flott rigga i beste båtbyggertradisjon frå Kvinnherad. Kvinnherad har ein sterk tradisjon på båtbygging.



Fra venstre:

Jon Blytt, Eirik Aadnanes, Solveig Brekke, Torgeir Evjen, Kjell Klemetsen, Hallgeir F. Bjørnevik og Claus Almås. Ingunn Vardøy er også med i styret men hun måtte ta bilde.

Foto: Ingunn Vardøy

Vi er også glade for å få høyre at det kjem nye kystlag til i Hordaland og at mange lag no er i ei positiv utvikling. Grunnlaget for dette ligg både i at stadig fleire ser verdien i å ta vare på kystkulturen, men også at vi får tak i ressurser og økonomiske midler til å ta vare på, holde i stand og bruke båter og anlegg langs leia.

Mange bygninger og anlegg i tilknytning til kyst-kulturen er nå sett i god stand og vert brukte av lag og organisa-sjoner langs heile kysten vår. Det er også blitt bra bevisstgjøring av verdien av å ta vare på bygg, anlegg og båter langs kysten. På landsmøtet til

Forbundet kysten i Bodø var også Riksantikvaren til stades. Han heldt eit glitrande godt innlegg om vern av kystmiljø gjennom tilpasning og aktiv bruk av bygg og anlegg langs kysten. Han peikte også på at stivbeinte og firkanta reglar for vern av både bygninger og båter kunne gjere meir skade enn gagn når det gjeld kulturvern. Det skal bli interessant å sjå kva som kjem ut av dette. Men ein ting er sikkert: Vi må finne fram til gode måter å rekruttere nye, yngre medlemmer til kystlaga. Og her er det også nokre lag som har funne «resepten» og er komne langt med dette. Dei har fått inn mange familier med barn i skulealder

som medlemmer i laget sitt. Disse laga har vi sikkert mykje å lære av. Og med slik rekruttering og opplæring i sjøvett og båtbruk følgjer det også med penger. Eg vi oppfordre alle lag som ikkje allerede er i gang med dette å sjå på disse mulighetene - her ligg grunnlaget for å ta vare på vår kystkultur på lenger sikt. Og det må vel være eit godt og riktig mål for alle kystlag.

Eg ser fram til å få møte mange trivelige menneske i våre mange aktiviteter i kystlaga i og utenfor Hordaland i sommar. Og lykke til med arbeidet i alle laga våre!

Helsing Torgeir Evjen, Leiar

Historia bak logoen til Bømlo Kystlag

Bømlo Kystlag har som logo ein steinvarde med kvitmåla kors i. Ein varde som symbol tykkje me passa godt til det laget står for. Varden viser veg for sjøfarande. Utforminga er ikkje tilfeldig, då denne varden finnes i øyriket vårt, og vert i daglegtalet kalla Steinkorsen. Denne varden er den første av i alt 7 vardar ein treff på om ein ferdast sjøvegen frå Goddosen til Melingsvåg på vestsida av Bømlo.

Lokalt på Bømlo finnes eit segn om Steinkorsen:

Eit brurafylgje på veg til Gåslandskyrkja (denne kyrkja vart riven kring 1870). Brurafølge forliste ved denne holmen som i dag heiter Steinkorsen. Segnet seier at brura, brudgommen og spelemannen bleiv (omkom).

Krunebomma rak nord langs landet, og vart funnen på Norda

Kjøpholmsneset, som seinare vart kalla Kruneneset. (første gong nemnt med dette stadnamnet i 1816). Litt lenger nord er ei vik som heiter Likvikjo, er fann dei lika etter dei som kom bort. Langs austsida av Korsneset er det ein stein som vert kalla Spelemannsteinen, her fann dei fela. Mellom Steinkorsen og “fastlandet”, ligg ein stein (eit skvalpeskjær) kalla Brurasteinen.

Folk som var fødd kring 1850 har fortalt at dei har sett tre trekrossar

på holmen, der steinkorsvarden står idag. Kring 1870 vart det sett opp ein seinvarde på same holmen, naturleg nok forsvann trekorsa med tida, men det har nok vert eit minnesmerkje over noko som har hendt.

Varden er måla på karakteristisk vis med ein tydeleg kvit kors i, og skil seg ut frå andre vardar som enten er heilt svarte eller har eit kvitkvit belte på. Om segnet er sant er det ingen som veit, men segnet og varden fortel ei spennande historie.



Møteplassar

Teksten er ei litt bearbeidd utgåve av kåseri i Førde ved tilskiping innan Kyst-sogevekene/Kulturminnedagane 9. sept. 2012.


AV WILLY MJÅNES, SVEIO KYSTLAG

Når Sveio kystlag saman med Felles Kristen Komite grip fatt i temaet møteplassar, fell det naturleg å stoppa opp ved to som har betydd mykje i bygdene og grendene her omkring. Det er bedehusa og dampskipskaien/lokalbåtkaien.

Som representant for Sveio kystlag fall det naturleg at eg prøvde å gi nokre glimt frå dampskipskaien som møteplass. I motsetnad til bedehusa der folk framleis kjem saman, så er møteplassen dampskipskaien for historie å rekna.

Samferdsleutviklinga har plassert både lokalbåten og kaien på "historiens skraphaug". Men – gjennom 6-7 tiår og vel så det, var kaiane der "dampen" eller rutebåtane kom og gjekk, eit pulserande hjarte i grendene langs kysten og innover i fjordane. Ganske snart var kaien eit sentrum i så vel det økonomiske som det sosiale livet i bygdene.

La oss kort sjå litt på fore-setnadene for det nye "treffpunktet" i kyst- og fjorbygdene.



Tre-fire hovudmoment peikar seg ut:

- utviklinga av by- og tettstadnæringar
- dampmaskinen/dampbåten
- oppblomstringa av landhandel (etter lovliberaliseringa i siste halvdel av 1800 talet).
- utbygging av betre posttenest.

Frå midten av det 19. hundreåret er ei ny tid med nye næringar i emning. Folk samlast i byar/tettstader, og dei treng mat og andre produkt frå bygdene omkring. Bøndene hadde fått ein marknad der dei kunne omseja varene sine.

Men - varene måtte flyttast – transporterast. Det nye vedunderet - dampbåten - gjorde dette mogeleg på ein måte folk berre kunne drøyma om i tidlegare tider.

I Rogaland/Hordaland - starta utviklinga på 1850-talet, men for bygdene her omkring blei det først i 1870-åra at utviklinga skaut fart for alvor og dess meir i tiåra som følgde. Sakte men sikkert blei det oppretta eit nettverk av lokalruter.

Samstundes kom landhandlarane som og trong varer i ofte veglause bygder og grender, og posverket var inne i ei utvikling som kravde betre og meir regelmessig postgang.

I grunnen hang alt dette saman i det mange oppfatta som moderne samfunnsutvikling. Det tok likevel noko tid før dampskipsKAIEN blei vanleg. Lokalbåttrafikken i 1870-80 åra gjekk mange stader føre seg i forma av bording.



Legereid

Kaibygging tok for alvor til i 1890- åra og første 2-3 tiåra av 1900-talet.

Tittelsnes - Valevåg - Liereid – Førde - Auklandshamn - Tjernagel, - Mølstrevåg fekk kai. Nokre var tidleg ute, som Mølstrevåg og Valevåg, medan andre kom etter noko seinare. Buavåg og Lyngholmen hadde og anløp, men korleis det var med kai her på denne tida er eg noko uviss på.

Langs Ålfjordsida hadde lokalbåtane og fleire stopp på t.d. Røykenes og Erve m.fl. men om dei kom til kai her veit eg ikkje heilt sikkert.

Lokalbåtane kom frå byar og nabobygder - frakta folk og varer. Først kom det som regel ein trekai, men sidan fekk ein murt "skikkeleg" kai av stein. Der kaiane kom, der blei kaien eit sentrum i bygda/grenda. Her møttest folk.

Når båten var ventande, samla bygdefolk seg - "ta på deg tresko'na og spring" som det heiter. Og dei sprang - bøndene med hest og kjerre med mjølk og smør som skulle til byen. Dei kom med slaktedyr, poteter og andre produkt frå garden som dei kunne selja. Gamle hestar og skrøpelige ku-skrepper stavra seg motvillige over ustødige land-gangar eller blei nådeløst heiste

i sele og plassert i rommet eller tjora på framdekket. Ofte sto eigarane att med blanke augo og såg ein trufast arbeidskamerat eller ei velsigna mjølkeku leggja ut på siste reis. Mang ei gammal kone skunda seg gråtande heim-over etter ein slik leveranse. For oss gutskarvane var det mest moro om dyra måtte i sele. Tenk om....

I det heile var frakt av livdyr eller slaktedyr ein ikkje uvesetleg del av varetransporten lokalbåten sto for. Då Stavangerskes D/S "Sandeid" forliste på Mastrafjorden 5. des. 1951, hadde han 30-40 griser, nokre sauer og ein del storfe om bord iflg. Haugesund Dagblad. Båten kom frå Tysvær og Skjold med siste anløp på Bokn og transporten var ikkje det minste uvanleg. At også folk sette livet til i ulukka, er ei anna historie.

For ungdomane var kaien mest ein plass for lått og leven og for høve til å smugkikka på "det andre kjønn" medan dei venta på dampen. Og venta fekk dei ofte, for rutebåten var ikkje alltid i rute. Det var så mykje som kunne seinka på rundturane.

Ja, det var vel ikkje berre dei unge som fekk venta, dei andre og - dei vaksne og dei eldre. I mens gjekk drøset om ver og vind, avling og fisket som slo feil, eller som vart "gullår". Store og små skandalar blei bretta ut, politikk og nyhende frå den store verda blei drøfta og diskusjonane kunne bli både heite og høgrøysta. Eller praten kom inn på prisar som alltid var for høge på krambua, og for låge når ein fekk oppgjær for det ein hadde selt. Det blei snakka om - ulukker og lukketreff, og mang ei skrøne fekk låtten til å runga langs kaikanten medan skrønemakaren kvilde eine beinet på fortøynings-pålen - plirte skjelmsk utover sjøen, spytta brunt og bedyra sanningsgehalten i sofa han nett hadde gitt til beste.

- Men så skulle ein som kjent ikkje øydeleggja ei god søge med for mykje sanning.....

Men så kom han, "dampen" - folk tokka seg mot langangen for å sjå. Nokre venta kan henda einkvan med båten, andre var berre forvitne på kven som skulle gå i land eller om nokon skulle reisa.

"Å ja der for han, - hadde visst mønstra på ein Bergensbåt", hadde ein høyrte. Og ho stakkars jenta der ho skulle visst over fjorden til tanta si for å bli fostra der, no tæringen hadde teke mora.

Eller: nei, har du sett - ska' han ut å fara? Lure' på ka' han har føre seg no. Har du høyrte noko, du???

Eller: Nei kven var det du? Fekk du tak i kven det var?

Kunne det vera den nye lærarainna? Byfrøken såg det ut til. Slik kunne snakket gå med spørsmål og nyfikne - forviten-skap kalla andre det. Men det gav eit nytt innhald i dagen til mange. Båtane frakta folk, og i land kom fark og fut, godt folk og meir skropelege vesen.

Det dukka opp agentar og kolportørar, fråhaldspreikarar og emissærar med redningslovnad no endetida for visst sto for døra. Jau, min sant, sann...

Men brått kunne lått og leven stilna ei stund. Litt forsagte

strauk karane huene av, - ei kiste blei boren i land og plassert på langsleden ytst ved landgangen. Høgtidsamt og varleg styrde kjørerekaren hesten gjennom mengda som stod tause med bøygde hovud og såg ein sambygding koma heim for siste gong.

Som ganske ung opplevde far min eit slikt høve. Ein sambygding var ein av ni som omkom då kysttruteskipet D/S "Norge (seinare. "Björgvin") grunnstøtte og forliste på Vibrandsøy nord for Haugesund om kvelden 20. februar 1928. Kista med rommann Erik Olsen kom heim slik eg skildra ovanfor. (At hendinga hadde gjort stort inntrykk på far min, skuldast nok og at den omkomne hadde ein son som berre var få år eldre enn han sjølv).

Andre mindre tragediar blei og stilt til offentleg skue på kaien. Der hjelte matrosane i land ein som hadde blitt sitjande forlenge i restaurasjonen. Han hadde fått i seg noko han ikkje hadde ete i alle fall, og ei skamraud kone eller ein halvstor son tok over for å få han far i hus - i verste høve med hjelp av hest og kjerre.

Nokre flirte hånleg og let spottorda falle, andre var ille til mote og vende seg bort. Slik var og dampskipkaiene - synt fram så mykje - ei slags fortidas "facebook".



Så var det post og varer som skulle i land. Landhandlaren for oppskjørt og stolt omkring og kontrollerte pakkeslar og notaer for å sjå til at alle ordrar var innfridd og alt var i orden. Me "gutlarvane" småsloss om tralla for å frakta mjølsekkjer og løyndomsfulle esker inn på lageret i håp om ein kandisklump eller nokre "bongbongar" frå det fargeriket spannet inne på krambua - ei sann Sareptas krukke av godsaker som visst aldri vart tom.

Og posten - her sto ei å venta på brevet frå han som hadde vore ute i 3 år nå - kom det snart eit livsteikn tru, eller var han ventande heim? Andre venta på "trekket" så dei kunne få gjort opp for seg på bua. Det hadde "løpt" så syndig opp i det siste i boka til handelsmannen. Andre venta på betaling frå bykjøpmannen som hadde tinga slik ovleg mengde "bondesmør" her førre månaden. "Dei hadde det 'kje travelt med å gjera opp for seg, desse bykarane."

Gamlekarane venta nå helst på aviso, og så "For Fattig og Rik."* Eit par ungjenter trippa fnisande og forlegne som verpesjuke høner rundt postopnaren, (oftast landhandlaren) for å sjå om det kom brev frå dei to brislingfiskarane som hadde vore innom her rett som det var nå på seinsommaren.

Andre fekk brev dei var mindre "begeistra" for. "Her kjem kjærleiksbrev frå skattefuten", herma dei etter kjøpmannen i heimbygda mi, når han med dårleg skjult skadefryd delte ut kravbrev til einskilde sambygdingar.

Slik spegla dampskipskaien livet i bygdene på godt og vondt for eit lite hundreår sidan. Dei fleste visste det meste om einannan, og dampskipskaien og krambua som ofte var meir som siamesiske tvillinger å rekna, ytte så absolutt sitt til lokalkunnskapen. Men tida har gått og mykje har forandra

seg. Med bilane kom ferjene. Dampskipskaiane stilna og landhandelen flytta til by'n og blei kjøpesenter. Men nokre av oss minnest endå: Det var ein gong...

** "For Fattig og Rik" var eit "oppbyggelsestidsskrift" starta i 1848 og etterkvart overteke av Indremisjons-selskapet. Hallesby og Wisløf var viktige bidragsytarar til bladet som hadde stor utbreiing i mange bygder langs kysten.*

Torgdagen i Bergen

- 8 juni 2013

Kystlaga inviteres til å delta på Torgdagen i Bergen. Færingar og mindre motorbåtar som ynskjer å delta i båtprosjeksjonen frå Tollbodkaien og inn til Blomstertorget bes vere på plass i god tid før avgang. Større båtar som kuttere og skøyter kan gå direkte til kai når dei kjem til byen.

Det hadde vore ekstra hyggeleg om deltakarar kler seg ut i "torgdagsklede frå ei svunnen tid" for å få den rette torgdagsstemninga. Frå Tollbodkaien og innover vil NRK vere tilstades for å gjere filmopptak ifbm ein filmserie som er tenkt vist på NRK til neste år.

Kl 10: Avgang Tollbodkaien

Kl 11: Dag Lindebjerg opnar

Velkomne til Torgdagen i Bergen!



Invitasjon fra Askøy Kystlag

Om kvelden etter torgdagen blir det fest hos Askøy kystlag. Den blir i kystlagets naust på holmen i Strusshamn. Alle kystlag er hjertelig velkommen.

Mat må hver ta med til seg selv. Salg av øl, vin, brus og reker.

Vi må ha påmelding av båter og personer innen onsdag den 05. juni.

Påmelding til:

mu09@online.no - 98801635

Nokre ord fra Austevoll

Aktiviteten i laget til no har vore å vøla søre veggen på Møllo i Vinnesvågen. Den vart bygd i 1928 og var i bruk til omlag 1960.

Kystlaget og andre lag fekk avtale med eigarar i 1993, og tok til å vøla huset som var i dårleg forfatning.

No har da vist seg at det ikkje vart gjort heilt godt arbeid på søre veggen, slik at vatn har kome inn. Da har medført ein del rote, spesielt på ein bærebjelke til søre veggen, slik at denne måtte skiftast. Me har gjekka veggen opp, - og bytta bjelken onsdag 24. april. Den vart laga av eit tre som sto på Vinnes. Kortreist matrial.



Så no gjenstår da å tette skikkeleg rundt dører og glas og å få mala veggen. Håpar at medlemmane og andre hjelpe til med dette, slik at me får "Notmann" på sjø i år og.

Tenkte på å setja baugen østover mot Norheimsund. Nokre ungdommar har lyst til å ta med Bregdo og visa henne fram for publikum sidan det er trebåtfestival.

Ellers så er me stort sett dei same 3-4-5 aktive som me her vore dei siste åra.

Snakkast i Norheimsund, eller kanskje i Bergen den 8. juni.

Austevoll Kyst- og Sogelag, S. Midtøy

Sveio Kystlags årlige sildeeventyr

Vi i Sveio Kystlag er endelig i mål med vårt årlige sildeeventyr. Silda er ferdig røykt og henger nå til tørk, snart klar til salg ifm div stevner og arrangement. Silda er alltid en suksess ved slike arrangement, både med og uten poteter.

AV ERIK ERIKSEN

Før vi er kommet så langt som salgsklar vare, har mange medlemmer i kystlaget vært engasjert med forskjellige oppgaver.



I januar har vi noen trofaste medlemmer som begynner å fiske sild med garn. I år var det et bra fiske og årets antall på 2300 sild ble tatt på noen få dager. Silda blir flekt fersk og lagt i fryseboks inntil vi har det antall vi har satt oss som mål.

I slutten på april samles en stor gjeng på tunet hos Eivind



Vestvik. Her blir den flekte silda lagt i saltlake. Silda skal ligge i laken i 10 minutt og skal så raskt håvast opp og henges opp til tørk i 1 - 3 dager før røyking. Silda røykes så i 6 - 7 timer og blir hengende i vårbrisen i 2 - 4 uker, alt etter hvor tørt det er i luften. Når vi er fornøyd med tørkingen, blir silda lagt ifryseren. Dette for at silda ikke skal bli for hard og tørr.

Nå er det bare å vente på gode



dager med godt salg. Silda vår er alltid populær og vi liker godt å skryte av produktet vårt. Selv om vår sterkeste kjøpegruppe er i godt voksen alder, så er det også etter hvert en del av den yngre garde som kjøper.

Et morsomt øyeblikk var da vi på et stevne gikk tom for sild. På kaien stod ei lita jente på 5-6 år og gråt sine modige tårer, fordi hun ikke fikk mere sild.

«Ny» Oselvar

Vi i Askøy Kystlag har lenge ønsket oss en Oselvar i god stand som kunne rigges med seil. Kystlaget har fra før flere Oselvare, men de er gamle og «mett av alder og år», og må behandles deretter.

Vi fant til slutt en flott en på Finn, og etter litt frem og tilbake tok vi turen til Os for å se på et eksemplar av nyere dato. Denne båten er bygd på slutten av 70-tallet og fremsto nesten som ny, samtidig som den er rigget for lettvint bruk av seil. Rigg og ror er helt nytt og har ikke fått prøve seg i sjøen ennå.

21. mars 2013 hentet vi vår «nye» Oselvar. Været var vakkert og sjøen stille da vi reiste sjøveien til Os for å hente båten. Sleppe gikk fint, og båten ble vel fortøyd i Strusshamn. Endelig har vi fått en båt som vi kan både ro og seile, samt vise frem hva tidligere generasjoner brukte som fremkomstmiddel.

Vi har tidligere hatt ungdomsprosjekt i kystlaget og håper vi skal klare å etablere en ungdomsgruppe igjen slik at vi kan videreformidle kunnskap om bruk av båt og utstyr til yngre generasjoner. Vi jobber også med et «roledprosjekt» som er omtalt i egen artikkel, hvor denne robåten vil inngå.

Vi er også på jakt etter en eller to mer solide færingar som vi kan tilby som utlånsbåter.

Er det noen som har tips om noen slike i rimelig god stand, ta kontakt på epost:

leder@askoykystlag.no



Den nye Oselvaren til Askøy Kystlag

Kven kan ro utan årar?

Når Peter Helland-Hansen i småbåtverkstaden ved Hardanger fartøyvernssenter byggjer hardangerbåtar, er årane tilpassa båten og den som skal ro. Gode årar er ein føresetnad for å ha full glede og nytte av kvart åretak.

AV ODDVAR SOLDAL

ILL. OG FOTO: P. HELLAND-HANSEN

Å ro var vanleg

Går me noko tilbake i tid var robåten det viktigaste framkomstmiddelet for folk i fjordane og på kysten.

C. F. Diriks skriv slik i *Folketvennen* i 1863: «Den største del av vor kyst saavel ved havkanten som i fjordene er brat, ujevn og søndersplittet, saaledes at veie af nogen udstrækning og skikkede til transporter mangedes ere saagodt som umulige. Samfærselelen og især alle varetransporter maa derfor mestendels foregaa tilvands.»

Generasjonane før oss kan fortelja om dagleg slit og glede bak årane. Båtane vart nytta til både kvardagslege gjeremål og til fest og store hendingar. Når båten

hadde ein så sentral plass i tilveret, var nok fart og framdrift eit tema som opptok dei som bemanna toftene. Eit sentral punkt var sjølvsagt fasongen på båten, men kanskje like viktig var spørsmålet om korleis årane burde vera, for at ein skulle få mest ut av kvart tak.

Vestlandsårar og hardingårar


I magasinet *Fartøyvern* 2012 skriv Helland-Hansen om dei årane som Bernhard Færøyvik kalla Vestlandsårar. Dei er kjenneteikna ved at den tjukke, inste delen av åra (trumfen) har eit trekanta tverrsnitt. På Rogalandskysten, der dei var vande med runde årar, var nemninga «Hardingårar» brukt om dei trekanta årane og det viser kor mykje båtbygginga i Hardanger hadde å seia. Vestlandsårane ligg i fast vinkel mot keipen og vert ikkje vende for å minska luftmotstanden, noko som var mogeleg med dei runde årane som blei nytta lengre sør og aust i landet.

I Hardanger fartøyvernssenter sine registreringar og synfaringar av båtar, har Helland-Hansen sett ein relativt stor variasjon i

utforming og kvalitet på årar.

Dette kan ha samband med at båtkjøpar frå gammalt av ofte lagde tilfaret sjølv. Båtbyggjaren kunne levera emne, medan kjøparen stod for den endelege utforminga. Det var og ganske vanleg at årar blei leverte halvferdige frå båtbyggjaren. «*Det heitte seg frå gammalt av at båtbyggjaren ikkje skulle loma årene*» (laga handtak) fortel Harald Dalland, på Tysnes. Slik kunne båtbrukaren sjølv forma lomen slik at den fekk det skapet han ønskte. Årelappane (slitestykkane som ligg mot keipen) blei som regel leverte lause saman med årane, slik at kjøparen kunne festa dei på rett plass langs trumfen.

I Muren i Bergen kunne ein kjøpa årar i ulike lengder, målt i fot. Desse var ofte laga til med noko ekstra lengde i trumfen, slik at kjøpar kunne kappare dei etter breidda på båten, og sjølv laga til lomen. Lappane var levert bunta i par. Ein kort og ein lang til kvar åre. Den korte vart felt inn på undersida av trumfen i eit svale-spor. Framlappen låste underlappen og vart nagla med fire naglar på den sida som vende mot keipen. På dei runde årane var det vanleg at dei surra fast lerreimar laga av utslitne hestetaumar eller tjøra tau. Leret frå gamle tresko-støvlar vart og nytta for å hindra slitasje på årane. Årelappar og ler vart som regel festa etter at ein hadde testa ut kvar åra gnog mot keip eller tollegang.



Illustrasjon: Åre med namn

Runde eller kanta årar?

På spørsmålet om kva som er best av runde eller trekanta årar vil folk sør for Sletta (Bømlafjorden) stort sett føretrekkja runde årar i kombinasjon med tollegangar, medan folk lengre nord helst vil ha trekantårar med keipar.

Utover på 1900-talet opna det seg ein marknad for sal av robåtar til Austlandet. Her var hardingane og særleg strandebermingane om seg. Båtane, stort sett færingar, blei selde til oppkjøparar, transportert sjøvegen austover og selde i byane langs kysten heilt til svenskegrensa. Desse båtane vart til vanleg levert utan årar. Austlendingane ville ha runde årar og dei vart laga lokalt.

Hjå fiskarane på Vestlandskysten var det ei vanleg oppfatning at runde årar på lange ferder medførte slarkeroing, og at ro-krafta såleis ikkje vart vel utnyttja. Dei meinte at det å ro

mot vinden med loddrette åreblad ikkje hefta dei noko nemnande, dersom båten elles var lettrodd.

Elles låg fiskaren ofte og and-øvde med årane ute. Beit fisken, slapp han gjerne årane medan dei låg i keipen. Med runde årar ville åreblada då leggja seg flate i sjøen og dei hadde lett for å gli ut or tollegangene. På skipsbåtar var det vanleg med tollar, for keipar hadde lett for å verta slegne laus mot skipssida.

Vyrke til årar

For å laga gode årar lyt ein ha høveleg vyrke. Emna til årar har i Hardanger vorte teke ut etter to prinsipp. Ein måte var å bruka mindre tre som vart kløyvde, slik at det vart ei **åre** av kvar halvkloyving. Den vanlege metoden når ein skal laga årar er likevel å ta utgangspunkt i ein sagd hunplank.

På saga har det alltid vore båtborda som har førsteprioritet

og såleis kunne det stundom skorta på åreemne. Dette må sjåast i samanheng med at det etter hundreårskiftet (1900) vart meir vanleg å byggja båtar med fleire bordgongar. Då blei det nok som oftast prioritert å skjera fleire smale, kvistreine bord langt ut i stokken, framfor å nytta hunplanken til årar.

Om 10 færingar skulle vera klare til våren, gjekk det med 20 hunplank, om dei skulle leverast med årar. Dersom me alternativt reknar tre kvistreine båtabord i kvar åreplank, forstår me at båtbyggjaren måtte prioritera.

Peter Helland-Hansen skriv for tida bok om småbåtbygging i Hardanger. Når den er ferdig er det mogeleg å lesa mykje meir om dette emnet. Målet er å ha boka klar hausten 2014.

Foto: Samenlikning av årar



MIDTSIDEBÅTEN: 20 år med "Fjordmann"

I år er det 20 år sidan Kvinnherad Kystlag var ferdig med restaureringa av "Fjordmann". Det var eit stort arbeid, men har gjeve mykje att med gilde seglturar og stemne. Og gjeve medlemene og andre gode opplevingar på sjøen i sol, regn, vind og stilla.

AV KNUT E. SKÅLA,
KVINNHERAD KYSTLAG
FOTO: KÅRE EIK

Fjordmann var bygd i Herand i 1929 av Johan Haugen. Fyrste eigar var Severin Vikanes, Sagvåg og bruka til notbåt for landnotfiske. Båten hadde propellstilk, men det vart ikkje sett motor i han. Notbruken tok slutt i 1940-åra og båten vart sett i naust. Då eigaren av naustet ville ha båten vekk vart han til sals.

Kvinnherad Kystlag hadde ynskje om ein lagsbåt, og fekk hand om han. 30. november 1991 vart han henta og seinare sett i hus i Rosendal.

Restaureringa vart eit omfattande arbeid då båten var i dårlegare stand enn det fryst såg ut til. Det vart avgjort at alt som var dårleg skulle skiftats, og arbeidet skulle utførast slik at alt vart som orginalt. Båten vart og oppmålt og teikna.

Ein dugnadsgjeng på 6-8 mann veiksla på å møta på dugnadsdagane. Vi fekk gå på skogen og ta ut material. Arbeidet vart leia av Frode Enes og Johan Varanes.

Vinteren 1992-93 vart det utført 1400 dugnadstimar på båten. 20 bord vart bytte, 6-8 spant, rull, dokker, vaterbord, betar og mest av alt trenaglane.

Rigging

Alt riggarbeid og seglsying vart gjort av laget. Her var det mange utfordringar. Båten hadde ikkje vore rigga før, så vi tok modell etter Kåre Thaule sin gavlbåt som hadde orginal rigg.

Smedarbeid, blokkverk, masteband, mast, gaffel, klyverbom vart og laga av medlemmene. Og då vi summerte dugnadsinnsatsen våren 1993 synte det 2450 dugnadstimar. Utlegga saman med båtkjøpet synte Kr. 37 477,-



Jonsoktider 1993 vart båten sjøsett og fekk namnet "Fjordmann". Rigginga var spanande og med alle segl sette og eit tonn ballast gjekk prøveturen fint. Vi var svært bestemte på at det ikkje skulle vera motor. Segl og årar var tradisjonen.

Fyrste langturen var landsstemne i Skudenes. Det vart rodd og sega til Espevær og nattsegling over Sletto. Før Karmsundet var det motvind og motstraum, så siste mila fekk vi slep. Det smaka godt då vi fekk pris for beste restaurerte båt i vår klasse. Det vart eit gildt stemne og fin heimtur.

Seinare har det vorte fleire stemner: Stavanger 1996(?), Stusshamn 1999, Egersund 2001. Og Hordastemne på Kobeinshamn, Sunde, Sagvåg, Sveio og Bergen.

"Fjordmann" har og vorte brukt til lagsturar og seglkurs. Skular og barnehagar har og fått turar på sjøen.

Segl og årar er greit, men det er ikkje råd å vera heime torsdag klokka seks med slikt utstyr. Og i 2008 vart det sett motor i "Fjordmann" for at båten skulle brukast meir.

Fyrste tida hadde vi ymse løysingar med vinterlagring. No har "Fjordmann" eige naust i Valevågen. Det gjer vedlikehald og landsetjing enkelt. Båten er i god stand og teke godt vare på av medlemene. Så det er

å vona at han blir brukt og seglar vidare i minst 20 år til.



Noen utviklingsmuligheter for tradisjonelle robåter

AV JAN C. ROSENBLUND

1. Innledning

Båtbyggingen har alltid, gjennom årtusener, vært i utvikling og forandring, ut fra behov, tekniske muligheter og impulser utenfra - for å si det litt generelt. Listerbåtpåvirkningen på slutten av 1800-tallet var en stor og brå endring, men til dels store endringer hadde det vært mange av i tiårene før også.

Så kom motorene på begynnelsen av 1900-tallet, og revolusjonerte på få tiår båtbruk og båtbygging fullstendig. Ganske snart dominerte kraftige, dype båter tilpasset innenbordsmotor, båter som ikke var til å ro.

De første 50-60 år av 1900-årene gikk det nå 6 veier med robåtene:

De store, over seksæringstørrelse, gikk nesten helt av bruk, men noen av dem ble brukt litt som lektere til de var utslitt. Det ble nesten helt slutt med å bygge store robåter.

De mindre, mest færing, men også noen seksæring, ble fortsatt brukt til lokale småærend. De ble fortsatt bygd, men nå stadig enklere og til dels simplere (enkelte "som om de var bygd i skogen" - sitat Dagfinn Berge, av båtbyggersekt, ca 1980)

Motorisering med innenbordsmotor ble gjort med en del av de mindre robåtene, ofte med en luftkjølt JAP-motor. Disse motorene fylte, ristet og bråkte mye, men noen fikk seg en motorbåt på denne måten.

Motorisering med påhengs i brønn var et alternativ til innenbordsmotor. Påhengsene er mye lettere og mer kompakte enn de fleste innenbordsmotorer.

Speilbåter/små gavlbåter - båter i færingstørrelse med akterspeil for påhengs - ble vanlig å bygge. Logisk nok, for det er jo slike

båter påhengsene er tenkt til - utenbords-motor. Men de har noen ulemper jeg skal komme tilbake til.

Lyst-/fritids-/regattabruk av robåter var allerede på 1800-tallet godt etablert over det meste av landet, kanskje særlig i Hordaland (oselverne), og dette fortsatte med "fullt trøkk" i hele perioden.

Det er litt usikkert om små gavlbåter og bruk av motorbrønn kom i gang før ca 1950.

Den nære fortid, etter ca 1960

Nå dukket en ny båtversjon opp: Plastbåt med påheng. Dermed var det nærmest ute med den enkle og relativt billige robåtbyggingen. Små gavlbåter mistet også det meste av sitt marked.

Og så kom en syvende trend i robåtbyggingen: Utover i 60-70-80-årene oppsto en erkennelse av at gamle og verdifulle byggetradisjoner og gammel materialkunnskap i robåtbyggingen nesten var borte, og en økende innsats fra det offentlige for å demme opp for dette, og sette folk på å forske på gamle teknikker og gammel materialbruk. Kanskje viktigste kraften var likevel innsatsen fra engasjerte enkeltmennesker (Godal, Eldjarn, Dalland, Borgfjord - og mange andre jeg ganske urettferdig ikke har nevnt!)

Den viktigste robåtproduksjonen nå etter årtusenskiftet, er derfor høykvalitets og kostbare båter bygget med mye gammel materialkunnskap og gamle teknikker.

Men disse båtene blir lite brukt, hvilket gir robåtene et uheldig - og feilaktig - omdømme: Det har visst etablert seg den oppfatning hos folk flest, at trerobåter egentlig bare passer til utstilling, historieformidling og skjeldne småturer i stille, tørt og mildt vær - selv om det gjøres innsats for å holde oppe interessen for å bruke oselvere til regattaseiling.

Seiling

Inntil motorene kom, var seiling et viktig alternativ til roing på de fleste litt lengre turer - og også en del av de kortere.

Man kan snakke om to slags seilas: "Storseiling", med relativt stor rigg, der man i kraft av dyktighet og dristighet kan få stor fart og gode bidevindsegenskaper på båten, og "småseiling" med liten rigg, som man kan sette ganske risikofritt også i ganske sterk vind - men hvor seilegenskapene er nokså begrenset, så det blir mest medvindsseiling..

"Storseiling" lever videre i fritids-seilas, mens "småseiling" nesten er borte.

2. Hva vi har nå:

En enestående båttype!

Et forhold som nok ikke er tilstrekkelig fremhevet, er at de tradisjonelle robåtene, på en ganske enestående måte, kombinerer fire egenskaper:

- være riktig lettrodde;
- kunne laste mye, og være mange i samme båt
- store og små, øvde og uøvde
- være sjøsterke
- være raske under seil

Dette gjør ingen andre båttyper dem etter; de kan ikke erstattes av noe som er funnet på verken før eller senere.

Folks oppfatning - er foranderlig

Det er ikke denne kombinasjonen folk tenker på, når de tenker "robåt"; da er det gjerne det nevnte omdømmet som dukker opp: Robåt er upraktisk og ubrukelig, ikke noe for folk flest.

